

HJELMELAND KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
149/10	Formannskapet	23.11.2010

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
S11	Tor-Åsmund Hovda	10/1241 10/14369

HØYRINGSUTTALE - ULLESTAD KRAFTVERK OG TVERRÅNA KRAFTVERK

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune si uttale til utbygging i Ullestadåna går fram av saksutgreiing. Utbygginga vil føra med seg ein del negative konsekvensar, men ein set likevel nytta av straumproduksjonen høgare.

Hjelmeland, 15.11.2010

Arild Boganæs
konstituert rådmann

23.11.2010 FORMANNSKAPET

Behandling:

Sigbjørn Schmidt/SP sette fram følgjande endringsforslag:

Hjelmeland kommune si uttale til Ullestadåna og Tverrråna går fram av saksutgreiinga. Samfunnsnytta av kraftproduksjonen overstig med klår margin dei negative konsekvensane ei utbygging vil gi.

Røysting:

Sigbjørn Schmidt sitt endringsforslag vart samrøystes vedtatt.

FSK-149/10 Vedtak:

Hjelmeland kommune si uttale til Ullestadåna og Tverrråna går fram av saksutgreiinga. Samfunnsnytta av kraftproduksjonen overstig med klår margin dei negative konsekvensane ei utbygging vil gi.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.10.2010	Norges vassdrags- og energidir.	SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV ULLESTAD KRAFTVERK OG TVERRÅNA KRAFTVERK - HØYRING

Vedlegg:**Samandrag:****Fakta:**


NVE har motteke søknad frå Ullestad Kraft AS om løyve til bygging av Ullestad kraftverk og Tverråna kraftverk i Årdal. Søknaden ligg ute til offentlig ettersyn.

Ullestad kraftverk vil nytte eit fall på 215 meter i Ullestadåna. Årleg produksjon er ca. 22,5 Gwh. Vassvegen vil gå i ei ca. 1400 meter lang røyrgate som skal gravast ned. Minstevassføring er føreslått lik alminneleg lågvassføring på 177 l/s. Vassføringa vert redusert over eit strekk på 1560 meter. Anlegget byggast med eksisterande vegar, med unntak av ein stubb på 20 meter oppe ved inntaket.

Tverråna kraftverk vil nytte eit fall på 335 meter med inntak i Tverråna. Årleg produksjon er ca. 10 Gwh. Vassvegen vil gå i ei ca. 1600 meter lang røyrgate som skal gravast ned. Minstevassføring er føreslått lik alminneleg lågvassføring. Anlegget byggast med eksisterande vegar med unntak av 50-100 meter forlenging av traktorveg for å nå fram til inntaket. Vassføringa vert redusert over eit strekk på 1700 meter.

Båe kraftverk må koplast til straumnett på andre sida av Storåna. Det vert då ei 22kV luftline på 800 meter rett nord.

Overskotsmassar frå røyrgata skal tilpassast terrenget, og er ikkje planlagt køyrd bort.



Lover, føresegner, rundskriv:

Eventuell utbygging må behandlas av ei rekke lovverk:

- Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldlova
- Vannressurslova
- Energilova
- Vassdragsreguleringslova
- Og fleir.....

Økonomiske konsekvensar:

Ved eventuell utbygging vil det dreie seg om eigedomsskatt, konsesjonsavgift og naturressursskatt. Ein har ikkje rekna nærare på dette.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak:

Samla plan for Årdalsvassdraget 1983

LNF-område i kommuneplanen

Formannskapet handsama 31.03.2009 fråsegn til utgreiingsprogram for Lyse sine utbyggingsplanar for vassdraget mellom Sandvatnet og Nes. Her vart det gjort fylgjande vedtak: *"Hjelmeland kommune viser til saksutgreiing og ber om at det i utgreiingsprogrammet for utbygging av vassfallet mellom Sandvatn og Nes vert fokusert meir på biologisk mangfald, fisk, friluftsliv, landbruk, estetiske endringar og verdien av inngrepsfri*

natur. Dette i tillegg til dei tema som allereie er lagt fram i forslag til utgreiingsprogram. Inngrep som rører ved Sandvatn direkte må visast særleg omsyn. Det er ønskjeleg at Lyse gjer ei vurdering av eit alternativ der ein nyttar fallet frå Lyngsvatn til Breiavad utan å gå gjennom Sandvatn. Hjelmeland kommune ønskjer ei utgreiing av alternativet av å stengje tunnelen frå Svartavatn til Lyngsvatn."

Innkomne uttalar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Det aktuelle tiltaksområdet inngår i Årdalsvassdraget, som munnar ut ved Årdal. Vassdraget har tre hovudgreiner; Tusso/Tysdalsvatnet, Storåna (inkludert Viglesdalen) og Ullestadåna. Vassdraget er i stor grad berørt av kraftutbygging, der store nedslagsfelt er fraført vassdraget som mellom anna Nilsebuvatnet og Lyngsvatnet. Ullestadåna og Tverråna er i dag uregulerte. Det aktuelle utbyggingsområde omfattar nedre delar av Ullestadvassdraget. Her går Ullestadåna og Tverråna i brattare terreng med delvis fossar, stryk og juv.

Biologisk mangfald står sentralt i denne saka. I direktoratet for naturforvaltning sin naturdatabase er det trekt ut eit område på om lag 800 meter av elvestrengen som er sett til regional verdifull.



Lokaliteten er registrert i 2008 i eit bekkekløftprosjekt som Rådgivende Biologer AS utførte på oppdrag frå direktoratet. Floaren i bekkekløfta reknast som relativt artsrik med innslag av regionalt sjeldsynte artar. I bekkekløftsona er det også ein eigen lokalitet som er definert som fossesprøytsone. Sistnemnte er lokalisert der Tverråna og Ullestadåna møtast med separate fossefall.



I bekkekløfta og fossesprøytsona vil det aktuelle tiltaket gje betydelege negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Artssamfunnet her er avhengig av fuktigheita frå vassprøyten og til dels frå sigevatnet generelt.

Innverknad på dyrelivet vil i stor grad dreie seg om fossekallen. Det aktuelle området er eit viktig næringsområde for arten. Redusert vassføring gjev mindre mat, og habitatsendringane vil gjera området mindre attraktivt for hekking. Det er truleg at inngrepet vil føra med seg at fossekallen forsvinn som hekkefugl i området. Dette er ei utvikling ein også ser på nasjonalt nivå.

For fisk ser det ut til at elva i utgangspunktet er marginal, det vert sjølvsagt ei forverring av forholda, men verkingane er relativt små.

Reint estetisk vil vassdraget etter inntaka framstå annleis, etter utbygginga. Men ein kjenner ikkje til at området nyttast som turområde for ålmenta.

Til slutt må ein sette dei negative konsekvensane opp mot ein produksjon av 32,5 Gwh. Denne mengda med straum er i gjennomsnitt nok til å forsyna om lag 1600 husstandar med straum som er produsert med fornybar kjelde. Denne straumen vil føra med seg at eit regionalt viktig område får redusert biologisk mangfald. Vassdraget får redusert estetisk verdi, og fossekallen mister eit område for hekking og mat. Rådmannen meiner likevel i dette høvet at nytta av straumproduksjonen står høgare en dei negative konsekvensane.